

Frekhaug Indremisjon
c/o Torbjørn Langeland Sagstadvegen 125
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1667 - 20/5467

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
04.02.2020

Løyve til seksjonering - gbnr 323/505 Frekhaug

Delegeret vedtak: 128/20

Bakgrunn for saken:

Kommunen har motteke søknad om seksjonering av eigedommen gbnr 323/505 i Alver, med adressa Holtermannsvegen 2B.

På eigedommen er det gitt rammeløyve for oppføring av tilbygg til eksisterande barnehage. Leiketun Barnehage leiger dagens barnehagebygg hjå Frekhaug Indremisjon og denne avtalen skal bestå. Tilbygget skal eigast og driftast av Leiketun barnehage som ei eiga eining med 2 barnehageavdelingar i tillegg til barnehagedrifta som er i dag. Eigedommen vert difor søkt oppdelt i 2 næringsseksjonar.

Vedtak:

Alver kommune godkjenner, i medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, søknad om oppdeling i 2 eigarseksjonar for sameiet Leiketun Barnehage, Holtermandsvegen 2B Gnr.323, bnr. 505, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-2 er næringsseksjonar der seksjon 1 har sameigebroken- 2/3 og seksjon 2 har sameigebroken 1/3. Seksjon 2 har tilleggsareal B i form av grovgarderobe i seksjon 1 og inngang og gang fram til seksjon 2 er fellesareal mellom seksjon 1 og 2. Dei ulike seksjonane er elles klart avgrensa i høve til kvarandre.

Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigedommen.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 24/155 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 13207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Klage:

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunnleggjast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

Gebyr:

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Alver kommune sitt gebypyregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1 er gebyret for 2 seksjonar kr 7400,- + tinglysingssgebyr kr 585,-

Faktiske opplysninger:

Søknad om seksjonering er innsendt i 1 eksemplar og har følgjande vedlegg:

- Situasjonkart som tydeleg viser eigedomsgrenser og plassering av seksjonane. Kommunen har utarbeidd nytt kart i A4 format for tinglysing.
- Planteikningar av barnehagebygget med tilbygg over 2 plan, der seksjonsnummera og type rom er tydeleg påskrive. Det er utarbeida nye vedlegg der planteikningane vert delt på 2 vedlegg.
- Vedtekter for sameiet Leiketun Barnehage, Holtermandsvegen 2B Gnr.323, bnr. 505, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Firmaattest for Frekhaug Indremisjon.
- Søknaden er signert av styreleder og 1 styremedlem som saman har signaturrett. Innsendar er styreleiar Torbjørn Langeland.

Vurderinger:

Etter avtale har kommunen utført rettingar i innsendt skjema og teikning. Det er påført B for tilleggsareal bygg- garderobe for seksjon 2 i seksjon 1. Kommunen har også bedt om nye teikningar med påført tilleggsareal T2 og fellesareal på teikning, då det er nødvendig for seksjon 2 å ha garderobe innan seksjon 1, og nytte felles inngang og gang med seksjon 1. Kommunen har også ført på sum 3 teljar og 3 nevnar som mangla i søknaden.

Oppsummering – konklusjon:

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Med helsing

Tommy Veland
Avdelingsleiar
Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
Avdelingsingeniør
Kart og oppmåling

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om seksjonering gbnr 323_505
Kartvedlegg seksjonering gbnr 323-505
1803 Leiketun bhg Seksjonering 1.etasje
1803 Leiketun bhg Seksjonering 2.etasje

Mottakarar:

Frekhaug Indremisjon	c/o Torbjørn Langeland Sagstadvegen 125	5919	FREKHAUG
----------------------	--	------	----------